



Det er flott utsikt frå Tippehuset, men det har berre tre meter strandline. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I kveld tysdag 20. mai frå klokka 17 til 18 er eit viktig stykke Uskedalshistorie på visning og det blir spanande å sjå om det er interesse for det svært spesielle huset som er til sals..

.Det er det såkalla Tippehuset i Beinavikjo 9, som vart bygt i 1954 for å gje dei tilreisande jentene til hermetikkfabrikken i Beinavikjo husvere. Det var vanleg at fabrikkane hadde eigne arbeidarbustader, som vart kalla tippehus eller trallehus. Kommunikasjonane var dårlege og det var viktig at arbeidarane budde på staden.

Frå 1973 har huset vore nytta som fritidsbustad og Kari Kulvik, Per Ingebrigtsen og Ola-Christian Michelsen er eigarar no går det fram av salsprospektet. Huset er over fire etasjar pluss høgloft og inneheld mellom anna 8 soverom i 2. etasje og 6 soverom i 3. etasje. Det er fin utsikt mot vika og fjorden, men huset har berre tre meter strandline.

Det står også å lesa i prospektet at det må påreknast ein del oppgraderingar for å tilfredsstillе dagens krav til standard.

Huset har eit bruksareal på 469 kvadratmeter og eit primærareal på 357 kvadratmeter. Prisantydningen er 1.490.000 kroner.

Det knytter seg ikkje berre viktig Uskedalshistorie til dette huset, det kan føra si historie heilt attende til Øygarden nord for Bergen. Det vart flytta til Stølavikjo og kalla Sjøtun og Edvard og Tora Myklebust hadde snikkarverkstad og familiebustad der. Etter krigen skulle huset flyttast og byggjast opp att som bustad for arbeidarane på fabrikk. Rivinga var godt i gang då det kom ein kraftig storm og fekk den tomme bygningen til å rasa saman.

Mange har minner knytta til Tippehuset, som førte gode koneemner til bygda. I boka 'Sild i boks' av Ivar Vaage fortel Leif Sunde at det kom jenter heilt frå Haugesund for å arbeida på fabrikk og at mange av jentene vart koner i bygda.

Disponent Gunnar Flatebø hadde ei vanskeleg oppgåve då han skulle passe på jentene og han gjorde ikkje oppgåva lettare for seg ved å risla med nøklane då han hadde kurset mot huset..

Av Ola Matti Mathisen og Magnhild Haugland